



Radøy Mållag
Geir Olav Repål
Skjelvik 3
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/612 - 14/6080

Saksbehandlar:
Lin Tove Thomassen
lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:
04.06.2014

Svar på søknad om tilskot til konsert

Viser til søknad, datert 22.mai 14, om tilskot til konsert med den anerkjende folkemusikaren Sigrid Moldestad m/band 19. august på Samfunnshuset Skogen Sletta. Arrangementet er eit samarbeid mellom Radøy bibliotek og Radøy mållag og vil vere eit av høgdepunkta under kystsoveveke på Radøy.

Budsjettramma for konserten er på kr 65 000 og det vert søkt om eit tilskot på kr 5000. Arrangørane er avhengig av å søkje om tilskot frå ulike hald. Det er lagt opp til sal av 200 biletter for at budsjettet skal gå i balanse og det er nødvendig å marknadsføre arrangemente ut over kommunegrensene.

Det offentlege har som oppgåve å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet. I Kulturplanen for Radøy er eit av tiltaka at kommunen skal bidra til at det årleg vert arrangert konsertar med profesjonelle aktørar. Det er særst positivt at biblioteket og mållaget tek steget og skapar eit slikt arrangement.

Søknad om eit tilskot på kr 5000,- vert imøtekomen.

De må gje ei tilbakemelding om kva kontonummer midlane skal overførast til. Midlane vil verte overført etter at arrangementet er gjennomført.

Lykke til med gjennomføringa!

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy Mållag

Skjelvik 3

5939

SLETTA